



Valldal Idrettslag

Referat styremøte 17. oktober kl 19.30 – klubhuset

Til stades:

Einar Hoel, Anders Rem, Trond Håvoll, Silje Grønning, Anne Nygård,

1. varamedlem Odd Lennart Vikene

Fotball v/Anett Steinnes

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Disksport v/Richard Moen

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Odd Lennart Vikene - vara for Andreas Håvoll

Forfall:

Andreas Håvoll

32/19 Informasjon frå grupper og styret

- Jan Ole oppsummerar deltaking på trenarseminar i Oslo
- Idretsgalla 2. november på Molde i samband med Møre og Romsdal idrettskrets 100 år

Handsaming:

Anett, Richard og Magne Eivind orienterte om arbeidet i gruppene. Disksport vurderer å kjøpe nett. Einar spurde om det var nokon som hadde lyst til å reise til Molde? Einar har planer om å dra dersom det ikkje kjem på noko anna.

33/19 Nyttårsmarkering Fjord kommune

I samband med etablering av Fjord kommune skal dette markerast på nyttårsaftan med ein fakkelfstafett frå alle bygder som endar på Sylte kl 15.00. Her skal det vere ei kort markering. Valldal idrettslag har fått ansvaret for stafetten frå Langdal til Sylte. Vi må sette opp etappar og ansvarlege/springarar på kvar etappe og berekne tidsbruk. Dette må avklarast på møtet, svarfristen er straks ute. Vedlagt er forslag til etappeinndeling.

Handsaming:

Valldal Idrettslag tar på seg oppgåva med å organisere stafetten frå Langdalen til Sylte.

Styret sette opp liste over etappane under møtet. Einar noterte namna. Anne får oppgåva med å få ut lista.



Valldal Idrettslag

34/19 Fjord idrettsråd

VIL har fått innkalling til stiftingsmøte av idrettsråd i Fjord kommune onsdag 13.11. kl 18 – 20. Valldal idrettslag kan møte med 2 representantar. Årsmøtet har tidlegare vald utsendingar til årsmøtet (Silje og Einar) og vi må no bekrefte at desse kan møte. Kopi av innkalling ligg ved.

Handsaming:

Vi kan ha ein representant i tillegg til dei som ble vald på årsmøtet (Einar og Silje) ettersom Einar er i stiftingsstyret. Anders kjem til å møte fordi han er med i valnemnda. Anne ble vald som kandidat nummer to, saman med Silje.

Styret meiner at VIL bør ha ein kandidat i idrettsrådet, Stordal ein og så kan de siste kandidaten vere frå ein av dei andre idrettslaga.

Forslag til kandidatar frå VIL vart diskutert. Ein må spørje dei aktuelle først. Per Jomar eller Torkjell Døving. Linda Gjerde Myren og Anne Gry han også være aktuelle.

35/19 100 års jubileum

Framleis ting å diskutere i styret.

Det trengs hjelp til komiteen som er i arbeid, ma. til å gjere ein del innkjøp og førebuing med utstyr til matservering til festen. I tillegg er det nødvendig med hjelp til rigging og opprydding.

Vi prøver å leige inn hjelp slik at det ikkje skal vere nødvendig for medlemmane å vere på kjøkken, i kiosk og vakter. Det vert også kjøpt kaker frå Sylteormen, slik at ingen treng bake.

Det no i ferd med å verte sendt ut innbydingar.

Førerels ser opplegget for helga slik ut:

- torsdag 21.11 jubileumsskikafe på klubbhuset
- fredag 22.11 frokostgruppe for eldre på klubbhuset
- Fredag 22.11 mimrekveld på Sylte ungdomshus
- Laurdag 23.11 kl 19.00 jubileumsfest

Vi må også få til eit opplegg for dei yngste, td open hall på Martin Linge huset. Det er lite ønskjeleg å bandlegge hallen på fredag kveld, så kanskje det kan verte helga før eller helga etter?

Handsaming:

Det vert laga ein song med vers frå kvar gruppe.

Per Jomar skal lage ein film med eitt minutt på kvar gruppe. Film utan lyd, men med musikk som Lingås skal legge på. Einar skal ta kontakt med Per Jomar.

Mat er bestilt på Muritunet. Lionsklubben skal ordne med servering og kiosk-sal mm. Kaker kjem frå Sylteormen Bakeri. På festkvelden er det meininga at medlemmer i VIL skal delta utan å ha arbeidsoppgåver.



Valldal Idrettslag

Påmelding innan 10. november. Påmelding på bok på Sylteormen eller per epost.

Dersom det vert meir enn 250 påmeldte, så må vi bruke storsalen.

Folk kan begynne å komme kl 18.15. Festen startar kl 19.

Pris kr 250 per voksen og kr 100 per barn.

Fotballgruppa skal arrangere Kahoot med pizza og brus tysdag i jubileumsveka.

Spørsmål om VIL skal invitere fleire enn det som tidlegare er bestemt. Det kom forslag om at faste sponsorar som til døme HL Muri og Tafjord Kraft vert invitert. Sporadisk sponsorar/støttespelarar vert ikkje invitert.

36/19 Sommararrangement 2020

Vi har tidlegare diskutert å halde fram med Mefjellet opp rundt jonsok. For 2020 vil dette kollidere med korpsstemne og skulekorpsset har bedt om at løpet vert lagt til ei anna helg. Kva gjer vi med olsok? Skal dette halde fram som før eller skal det gjeraast på ein annan måte? Er tida (over)moden for å organisere det på ein annan måte, eller kanskje vi no skal seie "stopp"? Spørsmål vi må tenke over og ta stilling til.

Handsaming:

Mefjellet opp vert ikkje gjennomført rundt jonsok på grunn av kollisjon med anna arrangement. Løpet vert flytta til søndag 28. juni.

Diskusjon rundt Olsokarrangement:

Skal vi utvikle – forandre på arrangementet? Olsok i Valldal utan scene og artistar, men samling på kaia med sal av mat, hoppeslått og til døme sal av lokale produkt? Det bør vere ein komite som kjem med forslag.

Arrangementet i 2020 vet laurdag 25. juli.

37/19 Æresmedlemmar

På siste styremøtet vart det vedteke retningslinjer for æresmedlemskap. Det er høve til å kome med forslag på slike, men forslag skal gå via oppnemnd gruppe (Anne, Trond og Odd Lennart) som gjev innstilling til styret. Dersom styret får oversendt slikt, vert denne saka teke opp, dersom ikkje går den ut.

Vedtak: Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Einar Hoel og Lars Ivar Henriksen er utnemnd som æresmedlemmer.

Dei får ei gave og eit diplom. Gåva vert eit bilde frå fotograf Vegard Lødøen. Trond ordner med bilda. Anne kjøper inn blomster og bestiller diplom frå Skjervøy.



Valldal Idrettslag

Valldal Idrettslag
Postboks 74
6211 Valldal
www.valldalil.no